

# Oppfølging etter stikkskadar

**Med stikkskade meinast skade av hud/slimhinne med risiko for å overføre smitte til blodåren.**

Alle som stikk seg på sprøytespissar, enten det er innanfor eller utanfor helseinstitusjon, opplever dette som dramatisk. Vi er derfor opptatt av at du får god oppfølging.

Etter at du har fått første behandling ved Skadepoliklinikken, kontakt din fastlege.

Du må sjølv ringe og avtale vidare oppfølging som skal vere:

- 4 veker etter skaden

Ta med deg journalutskrift og blodprøvesvar frå Skadepoliklinikken når du kjem til Smittevernkontoret.

Vidare oppfølging er:

- 8 veker etter skaden
- 3 månader etter skaden
- Ev. fleire konsultasjonar blir avgjort av legen

Ved konsultasjonane vil du få samtale med smittevernlegen. Nødvendig vaksine blir gitt og blodprøve skal takast.

**NB!** Husk at du blir regna som mulig smitteførande inntil siste kontrollprøve er tatt. Det betyr at du må ta forholdsreglar i omgang med andre når det gjeld sex og blodsmitte. Kondom beskyttar mot hepatitt B-viruset.

## **FØREBYGGING AV STIKKSKADAR HOS HELSEPERSONELL**

Gode rutinar ved sprøytesetting er vesentlig for å redusere stikkskadar.

- Enten du er på arbeidsplassen eller heime hos pasienten, sørg for å ha behaldar for brukte kanylar innan rekkevidde når du gir injeksjonar.
- Kanylen skal rett i behaldaren etter bruk.
- Ha eigen behaldar på kvar sin arbeidsstad, for eksempel heime hos pasienten. Sett denne på ein trygg stad etter bruk.
- Lukk behaldaren før den er stupfull, ikkje rist den. Sprøytespissar kan falle ut og skade deg.